

**ILLGJØLET KRAFTVERK
NORDDAL KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKE**

SØKNAD OM KONSESJON

Samandrag

Illgjølet minikraftverk vil nytte avløpet frå eit felt på ca. 8,1 km² i eit 345 meter høgt fall i Heggeelva, mellom kote 448 og kote 90. Der planleggast å etablere eit Coanda inntak på kote 448. Installasjonen vil være på 999 kW med ein estimert årsproduksjon på 6,6 (5*) GWh. Kraftverket skal byggast med 1540 meter duktile stålrør i grøft, og kraftstasjonen er tenkt plassert på open mark. Avløpsrøret frå kraftstasjonen føres ut i grava kanal før avløp til same elv. Heggeelva er ei sideelv til Valldøla.

Kraftverket vil bli bygd som eit rent elvekraftverk, utan regulering. Der er planlagt slipping av minstevassføring med 75 liter/s om vinteren, og 83 liter/s om sommaren. Nedanfor inntaket kjem der og til ei sideelva frå Heggesætra som vil bidra med 127 liter/s til (middelverdi).

Prosjektområdet har store mengder hogstklar gran, og det vil røre ved INON områder. Prosjektområdet har middels verdiar for naturtypar, flora og raudlistearter og ingen verdi for samiske interesse. Prosjektområdet er innanfor regelverket for verna vassdrag, og tiltakshavarane vil halde seg til dette.

Utbygginga vil gje liten konsekvens for inngrepsfrie naturområder (SNUP), middels til små negative konsekvensar for landskap, og middels negative konsekvensar for biologisk mangfald og raudlistearter. For dei øvrige fagtema vil utbygginga gje mindre merkbare konsekvensar.

Prosjektet vil gi stor positiv konsekvens for samfunnsmessige interesser, og selskapet Illgjølet Kraft AS vil verte stifta og registrert då beslutningsgrunnlag for bygging foreligger.

Tabellen nedanfor syner de viktigaste opplysningar om kraftverket:

* Verdiar basert på NVE sine utrekningar basert på førebels svar til søknad av 22.12.2016

Fylke	Kommune	Gnr/Bnr	
Møre og Romsdal	Norrdal 1524	Heggen 23/3 – 24/2	
Elv	Nedbørsfelt, km	Inntak kote, moh	Utløp kote, moh
Heggeelva	8,1	448	95
Slukeevne, maks, m ³ /s	Slukeevne, min, m ³ /s	Installert effekt, MW	Produksjon per år, GWh
0,82	0,041	0,999	6,6 (5*)
Utbyggingspris, NOK/kWh		Utbyggingskostnad, mill. NOK	
2,78 (3,67*)		18,3	

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om søkjaren	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	4
1.4	Skildring av området	4
1.5	Eksisterande inngrep	5
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag	6
2	Omtale av tiltaket.....	7
2.1	Hovuddata	7
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	8
2.3	Kostnadsoverslag	11
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	11
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	12
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	13
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	16
3.1	Hydrologi.....	16
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	16
3.3	Grunnvatn	17
3.4	Ras, flaum og erosjon	17
3.5	Raudlisteartar	17
3.6	Terrestrisk miljø	18
3.7	Akvatisk miljø	19
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	20
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)	20
3.10	Kulturminne og kulturmiljø	21
3.11	Reindrift	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.12	Jord- og skogressursar	22
3.13	Ferskvassressursar	22
3.14	Brukarinteresser	22
3.15	Samfunnsmessige verknadar	22
3.16	Kraftliner.....	23
3.17	Dam og trykkrøyr	23
3.18	Ev. alternative utbyggingsløyningar	23
3.19	Samla vurdering	23
3.20	Samla belastning	24
4	Avbøtande tiltak.....	25
5	Referansar og grunnlagsdata.....	27
6	Vedlegg til søknaden	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tiltakshavar for Illgjølet minikraftverk er Illgjølet Kraft AS, der dei fire grunneigarane omkring Heggeelva i Valldal i Norddal kommune har einast gjennom ein fallrettsavtale om å danne Illgjølet Kraft, og dei vil førestå utbygging og drift av kraftverket.

Illgjølet Kraft vil ha sete i 6210 Valldal i Norddal kommune i Møre og Romsdal.

Selskapet vil bli danna viss konsesjon blir gitt.

I søknadsfasen er kontaktperson:

Nils Jarle Hjelme
6210 Valldal
nihjelme@gmail.com
Tlf: 41574677

1.2 Grunngeving for tiltaket

Dei private grunneigedomane omkring Heggeelva har tradisjonelt landbruk som hovudnæring, og har dei siste åra einast i felles fjøsdrift. Eit nytt stort fellesfjøs er bygget, og mjølkekvotar samla i ei eining. Alle eigedomane har busetnad, og der er naudsynt med tilleggsnæringar for å halde folk i arbeid. Det økonomiske grunnlaget for aktiv drift i landbruket er lav, og Norddal kommune er i dag ein fråflyttingskommune. Det er ønskeleg å styrke verdigrunnlaget og næringsgrunnlaget for eigedomane, slik at det økonomiske grunnlaget for aktiv drift i landbruket sikrar eigedomane sin attraktivitet for ny busetting og ny eller utvida drift. Yngre krefter på Heggen og Hjelme er interesserte i å busetje seg der, og drifte landbrukseigedomane vidare.

Norddal kommune har i perioden januar 2012 til mai 2015 i gang prosjektet Småkraftsatsinga, der målsettinga er å etablere fleire nye vasskraftverk i kommunen.

Det er ikkje søkarane kjent om tiltaket tidlegare er vurdert etter vannressursloven.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Heggeelva er ei sideelv til Valldøla 100.1. Heggeelva kjem ned frå området mellom fjella Sandfjellet, Blåfjellet, Hegguraksla og Mefjellet, og vandrar ned mellom Hjelmesætra og Heggessætra, og møter Valldøla eit stykke nedanfor Hoelsfossen, om lag 9 kilometer frå Valldal sentrum i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke.

Tiltaket er tenkt plassert med inntak omtrent ved kote 448, og stasjon på kote 95, nedanfor fylkesveg 95.

Oversiktskart 1:50 000 og situasjonskart 1:5000 er vedlegg 2 og 3.

1.4 Skildring av området


Nedre del av Heggeelva er forbygd både ovanfor og nedanfor fylkesveg 95. På flata nedanfor FV95 har der tidlegare vore sidekulpar for laks og aureyngelproduksjon. Aust for elvas nedre del, ovanfor FV95 er der i dag fleire hytter, og restar av Heggelibakken – hoppbakke bygd i 1934. Siste rest av tårnet vart fjerna i 1989, men betongfundamenta står att. Området gror att med gran som spreiar seg.

Ovanfor tenkt inntaksplassering finn vi stølane til Heggesætra og Hjelmesætra på kvar side av elva. Der er gamle vegar og stiar på begge sider av elva, opp til sætrane.

Heggeelva drenerar området mellom fjella Sandfjellet, Blåfjellet, Hegguraksla og Mefjellet. Høgste fjellet er Blåfjellet med sine 1602 meter over havet. Sandfjellet er særmerkt med store olivinknausar og reinrose, dvergbjork og krekling. Dalbotnen mellom fjella er svakt avrunda, mens elva renn i ei tydeleg kløft i terrenget. I dalbotnen, aust for elva er der myrlandskap ved Heggesætra. Svarthammardalen aust for Heggesætra ligg sørvestleg vendt.

I lia ned frå sætra er der øvst gammal furuskog, mens lia hovudsakleg er dekt med planta granskog. Denne er no i hogstmoden alder. Lia er nordlig vendt.

Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonssone. Det planlagde tiltaket ligg i klimaregion Midt, og har ei årsnedbør omkring 1280 mm.



Figur 1.4.1 Heggeelva ligg skjult av granskogen, og kjem ned til venstre for det gule huset. Biletet er teke frå fylkesveg 63. Valldøla i nedre venstre biletekant.

1.5 Eksisterande inngrep


Heggeelva blir kryssa av fylkesveg 95. Ovanfor inntaket er der to stølar, og der er etablerte stiar i terrenget. Terrenget bærer preg av tungt beite og landbruk, men står i fare for å gro att. Ved stasjonsområdet er der ordinære bustader, gardsbruk, og hytter. Området ligg innanfor verneområdet til Valldøla.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Heggeelvas nedbørsfelt er ein del av nedbørsfelta til Valldøla, og er dermed ikkje skilja ut som eige nedbørsfelt. Heggeelvas nedbørsfelt er spesifisert gjennom NVE's Lavvannsapplikasjon.

Prosjektområdet ligg nordleg vendt, og snø ligg lenge utover året. Der er og ein liten bre ved Blåfjellet, samt der er fleire små høgfjellsvatn. Elva drenerer vatn frå bre, innsjø, og fleire vide side-dalar, og prosjektområdet kan sjåast på som ein miniatyr av Valldølavassdraget. Det kan være hensiktsmessig å nytte skalerte vassmålingsdata frå Valldøla (Alstad) til å berekne hydrologi for Heggeelva.

Kartutsnittet under er henta frå NVE Atlas med filter «Vasskraft» og «Utbygd kraftverk» + «Ikkje utbygd kraftverk». Ein kan sjå at nord for det planlagde tiltaket ligg Hoelsfossen kraftverk som allereie er etablert og Myklebust kraftverk som er under vurdering. Det same gjeld Grønningsæter kraftverk aust for Illgjølet. Illgjølet, Myklebust og Grønningsæter er i vassdrag som end opp i Valldøla.



Figur 1.1. Oversiktskart av området rundt Heggen i Valldal.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tabell 2.1. Oversikt, hovuddata for kraftverket

Illgjølet Kraftverk, hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt*	km ²	8,1
Årleg tilsig til inntaket (Lavvann)	mill.m ³	12,9
Spesifikk avrenning (Lavvann)	l/s/km ²	50,5
Middelvassføring (Lavvann)	m ³ /s	0,409
Middelvassføring (målt beregnet)	m ³ /s	0,468
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,1142
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,0826
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,0745
Restvassføring**	m ³ /s	0,0688

KRAFTVERK		
Inntak	moh.	448
Magasinvolum	m ³	7
Avløp	moh.	95
Lengde på råka elvestrekning	m	1540
Brutto fallhøgd	m	353
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,8
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,82
Slukeevne, min	m ³ /s	0,041
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s	0,083
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s	0,075
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	800
Tilløpsrøyr, lengde	m	1540
Installert effekt, maks	kW	999
Brukstid	timar	7200

REGULERINGSMAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0
HRV	moh.	0
LRV	moh.	0
Naturhestekrefter	nat..hk	0

PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,0
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,6
Produksjon, årleg middel	GWh	6,6

ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	18,3
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	2,77

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket.

**restfeltet sin middelvassføring like oppstrøms kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Tabell 2.2. Oversikt, hovuddata for det elektriske anlegget

Illgjølet kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	~ 1,175
Spenning	kV	0,4
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	~ 1,175
Omsetning	kV/kV	0,4/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	200
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		kabel i jord

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Hovudløysing

Det synast til kart og bilete i henholdsvis vedlegg 0, 1 og 2.

Illgjølet kraftverk vil nytte avløpet frå Heggeelva i eit 353 meter høgt fall mellom kote 448 og 95. Utbygginga vil ikkje medføre regulering av vassstand i magasin, da der planleggast å nytte eit Coanda inntak. Der etablerast eit inntak ved å bygge eit Coanda inntak i stål og betong, og dette vil være omtrent 7 meter lang og 1,4 meter høg. Nedanfor inntaket vil vassvegen bestå av eit nedgravd røyr med diameter 0,8 meter, og lengde om lag 1540 meter. Kraftstasjonen plasserast på open slette på Heggen, om lag 20 meter nedanfor fylkesveg 95. Avløpet blir ført i om lag 15 meter lang kanal tilbake til Heggeelva.

Frå stasjonen må der etablerast ei luftlinje eller kabel på om lag 200 meters lengde til næraste 22 kV kraftlinje vest frå stasjonen. Denne linja kan alternativt leggast som kabel i tilknytning til veg som må oppgraderast fram til kraftstasjonen.


2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Heggeelva har ved planlagt inntak eit nedbørsfelt på 8,1 km². Middel vassføring ved same sted i perioden 1961 – 1990 er 0,409 m³/s. Feltet inneheld hovudsakleg snaufjell (80 %), ein del skog (15,4 %), litt myr (1,7 %) og litt bre (1,1 %). Der er elleve små vatn i nedbørsfeltet. Frå inntaket og ned til stasjonsområdet er der blandaskog, med stort innslag av gran.


Alminnelig lågvassføring ved inntaket er berekna til 0,1142 m³/s. Vassføringa som underskrides 5% av tida om sommaren (1.5 – 30.9) er 0,0826 m³/s (data 1961 – 1990). Det tilsvarande talet for vinteren er 0,0745 m³/s.

Der vert tilrådd ei minstevassføring på 0,083 m³/s om sommaren, og 0,075 m³/s om vinteren.

Det registrerast at NVE i Tilbakemelding på søknadsutkast sendt 22.12.2016 meiner alminneleg lavvassføring og 5-percentilar sommar/vinter skal vere 35, 188 og 29 l/s og at dette vil medføre middelproduksjon på om lag 5 GWh. Søkjar har ikkje mulegheit til å oppdatere berekning om hydrologi, men om 5 GWh er tilfelle vil ikkje utbygging vere økonomisk forsvarleg.



Figur 2.2.1.A. Plott som syner variasjonar i avrenning frå år til år.ⁱ



Figur 2.2.1.B. Plott som syner mini, middel og minstevasslepp (døgndata).

NVE's data frå NVE Lavvannsapplikasjon for perioden 1961 – 1990 er nytta som grunnlag for berekning av spesifikk avrenning for feltet.

I Heggeelva er der ikkje utført vassmåling tidlegare. Der er ikkje mange andre måleseriar frå små felt å velge i nærområdet. VM 100.1.0 Alstad i Valldøla har ein 28 års serie, men dette er eit felt på heile 209 km², har mykje høg fjell og ein viss effektiv sjøprosent og er arealjustert til å representere feltet til Heggeelva.

Denne arealjusterte måleserien vert nytta vidare i arbeidet med hydrologisk grunnlag for Heggeelva.

2.2.2 Overføringar

Tiltaket medfører ingen overføringar eller reguleringar av andre vassdrag.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Prosjektet er ikkje planlagt med reguleringsmagasin, slik at effektkjøring ikkje blir mulig. Der er i staden planlagt nytta Coanda-inntak med lav damhøgde og lite vatn oppdemt. Coandainntaket mogleggjer kontinuerlig overrenning. Minstevassføring vert sikra ved gjennomlaupsrør med måleutstyr

2.2.4 Inntak

Inntak plasserast på kote 448 i Heggeelva som eit moderne og sjølvreinskande Coanda-inntak med ein 7 meter lang og 1,4 meter høg Coanda-inntaksdam. Foreløpig utrekna oppdemt vassvolum er omtrent 7 kubikkmeter. Foreløpig utrekna oppdemt areal er omtrent 7 kvadratmeter.

2.2.5 Vassveg

Røyrgate

Frå inntaket i Illgjølet/Heggeelva vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom ei nedgravd røyrgate av duktile stålrør på 800 millimeter diameter, og i om lag 1540 meters lengde. Røyrtraseen estimeres til om lag 6 meters bredde i anleggsfasen, og om lag 3 meters bredde ved drift. Noko sprenging av fjell kan verte naudsynt. Eksisterande granskog vil fjernast, og naturleg tilhøyrande lauvskog vil vekse til i området etter anleggsperioden.

Oppdatering etter tilbakemelding frå NVE på søknadsutkast sendt 22.12.2016. NVE seier 15-25 meter anleggsbredde er deira erfaring.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen blir liggande på ei lita slette, om lag 25 meter nedanfor vegen, med turbinsenter omtrent på kote 95. I kraftstasjonen installerast der ein Peltonturbin med effekt på 999 kW. Ved ein fallhøgde på 353 meter får turbinen ei maksimal slukeevne på ca. 0,82 m³/s. Minste slukeevne vil ligge på ca. 0,041 m³/s.

Der installerast ein generator med yting 1,175 MVA, og ei generatorspenning på 400 Volt. Transformatoren får same yting og ein omsetjing på 0,4/22 kV.

Bygningen vil bli oppført med hjelp av støydempende material, og opningar vil bli utstyrte med lydfeller av omsyn til ferdsel og bustader i området. Bygningen er estimert til å vere ca. 100 kvadratmeter og krevje 400 kvadratmeter areal.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vert kjørt med jamn vasstand i inntaket og vil nytte tilsiget i elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyring er ikkje aktuelt.

I tørre periodar kan stopp av kraftverket vere naudsynt.

2.2.8 Vegbygging

Stasjonsområde

Stasjonsbygningen er planlagt plassert på slette om lag 25 meter frå eksisterande veg. Der er og ein traktorveg rundt sletta. Vegtilkomst til stasjonsbygningen sjåast difor ikkje på som eit aktuell

problemstilling. Veg til stasjonen er anslått vil vere 25 meter lang og 3,5 meter brei.

Inntak

Inntaket planleggast byggast utan tilkomstveg.

2.2.9 Massetak og deponi

Der blir ikkje tatt ut masse av betyding. Masse som flyttast på vert hovudsakleg lagt tilbake.

2.2.10 Nett tilknytning (kraftliner/kablar)

Der går i dag ei 22 kV kraftlinje om lag 200 meter vest for planlagt stasjonsområde. Der planleggast å legge kabel frå stasjonsbygningen til tilknytning til denne linja.

Tafjord Kraftnett er områdekonsesjonær, og det eksisterande distribusjonsnettet består av 22 kV luftlinjer.

2.3 Kostnadsoverslag

Heggeelva minikraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	1,57
Driftsvassvegar	6,27
Kraftstasjon, bygg	2,70
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	3,24
Kraftline	0,32
Transportanlegg	0,32
Diverse tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,32
Uventa	1,35
Planlegging/administrasjon	1,35
Finansieringsutgifter og avrunding	0,32
Anleggsbidrag	0,66
Eigen innsats frå grunneigarar, vegar, skog, planting	0
Sum utbyggingskostnader	18,38

Budsjett er gitt med utgangspunkt i NVE/Sweco cost base analyse med konsumprisjusterte prisar frå 2010 nivå, samt innhenta budsjett-tilbod frå utanlandske leverandørar.

Oppdatering etter tilbakemelding frå NVE på søknadsutkast sendt 22.12.2016. Prisar justert iht. konsumprisøking på 8,1% i perioden des. 2013 til des. 2016.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil gi fordelar som vist i tabellen under.

PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,0
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,6
Produksjon, årleg middel	GWh	6,6

Utbygginga vil gje inntekter til eigarane av kraftverket. Det forventas at ein god del av oppgåvene i forbindelse med anleggsverksamheita ved bygging av kraftverket vil verte utført av lokale bedrifter. Noko av investeringane vil da også tilfalle Norddal kommune gjennom ordinære skatteinntekter både i bygge- og driftsfasen. Utbyggingen vil bidra til økt fornybar energi lokalt i Møre og Romsdal, og vil samstundes bidra til å oppfylle Noregs mål om meir fornybar energi.

Oppdatering etter tilbakemelding frå NVE på søknadsutkast sendt 22.12.2016.

Om NVE si tilbakemelding om at 5 GWh er meir realistisk for produksjonskapasitet vil ikkje anlegget kunne forsvarast økonomisk. Om anlegget får konsesjon vil det derfor bli tatt ei meir grundig vurdering av hydrologi og økonomi før eventuell bygging.

Ulemper

Tiltaket vurderast samla sett å ha små, om nokon negative konsekvensar, ref. Holtan.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Tabellen under syner ei oversikt over arealbruken.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	0	0	
Overføring	0	0	
Inntaksområde	0,6	0,3	
Røyrgate/tunnel (vassveg)	9,24	4,62	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	0	0	
Vegar	0,1	0,1	
Kraftstasjonsområde	1	1	
Massetak/deponi	0,1	0,1	
Nettilknytning	0,1	0,1	
Sum areal	11,14	6,22	




Figure 2.5.1 Arealbruk

Eigedomsforhold

Namn	Adresse	Gng/bnr	e-post	Telefon
Ivar Normann Heggen	6210 Valldal	23/1	iheggen@frisurf.no	97669976
Ingebrigt Heggen	6210 Valldal	23/3	Johansen.boerge@gmail.com	70257949
Nils Jarle Hjelme	6210 Valldal	24/1	njhjelme@gmail.com	41574677
Knut Hjelme	6210 Valldal	24/2	knjhjelme@gmail.com	41613398

Grunneigarane har inngått avtaler om samarbeid om utbygging og drift av Illgjølet minikraftverk. Avtalene regulerer rettane til fallet, og rettigheitene på grunneigarane sine eigedomar som er nausynt for å bygge kraftverket.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Der er ikkje utarbeid eigne planar for småkraftverk i kommunen.

Kommuneplanar

Prosjektområdet er ikkje regulert, men området ved Heggeelva er definert som LNF-område, mens området nord for fylkesveg 95 er definert som beiteområde.

Samla plan for vassdrag (SP)

Heggeelva er ikkje omfatta av Samla Plan for vassdrag. Utbygging av Heggeelva trengjer ingen sjølvstendig avklaring i forhold til Samla Plan, sidan installasjonen skal vere mindre enn 10 MW.

Verneplan for vassdrag


Heggeelva er ei sideelv til Valldøla, og er verna mot kraftutbygging. Tiltaket held seg innanfor tilrådd praksis for kraftverkstiltak i verna vassdrag. Avrenninga til Heggeelva kjem delvis frå areal medrekna i Reinheimen nasjonalpark, men nasjonalparken vert ikkje rørt av utbygginga.

Nasjonale laksevassdrag

Valldøla er ikkje eit laksevassdrag, men laks og aure vandrar opp til bekken nedanfor stasjonsområdet. Det planlagde tiltaket vil dermed ikkje ha direkte påverknad på laks eller aure. I området i Heggeelva mellom planlagt stasjonsområde og Valldøla har der tidlegare vore kultivert laks og aure yngel. Desse dammane er ikkje i drift i dag.

Ev. andre planar eller beskytta område

Stasjonsområdet rører ikkje INON område. Inntaksområdet vil vere i buffersonen (0-1 km) til INON område, og vil vere om lag 155 meter utanfor INON grensa på ein kilometer. INON kart er synt i vedlegg 6. Bortfallsrapport er synt i vedlegg 6-1.



Figur 2.6.1 INON område 1-3 km, ved inntaksområdet i Illgjølet.

Der er ikkje påvist kulturminner innanfor prosjektområdet.

I Heggen-området er der mykje hogstmoden granskog, med mykje spreiding. Der er skilta for turgåarar med ynskje om å hjelpe til med å drage opp ung-granar.

EUs vassdirektiv

Heggeelva er ikkje omtala i vann-nett.nve.no

Valldøla er omtala som med risiko, og dårlig for fisk, med middels påverknadsgrad på biologi, forureining og fysiske inngrep.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Alle betraktningar i omtalen nedanfor gjelder inntaksstaden.

Som nemnt i kapittel 2.2.1 har ikkje Illgjølet kraft på dette tidspunkt mulegheit til å oppdatere hydrologibetraktning slik det oppmodast om i frå NVE, men tar til vitande at NVE har eit anna syn på hydrologi enn vår rådgivar Robert Rønstad. Rønstad sine verdiar blir ståande vidare i søknaden. Det må dermed tas med i vurdering at NVE meiner alminneleg lavvassføring og 5-percentilar sommar/vinter skal vere 35, 188 og 29 l/s og at dette vil medføre middelproduksjon på om lag 5 GWh.

Kraftverket er dimensjonert for maks slukeevne lik ca. 200 % av årlig middelvassføring (Lavvann). Dagens middelvassføring er berekna til 0,409 m³/s etter Lavvannsapplikasjonen. Skalerte måleverdiar tilseier ei middelvassføring på 0,468 m³/s.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 0,1142 m³/s. Vassføring med varighet 95 % om sommaren (1.5. – 30.9.) er 0,0826 m³/s (basert på data frå 1961 – 1990). Det tilsvarande talet for vinterhalvåret er 0,0745 m³/s. Dagens naturlige avrenning frå restfeltet (feltet mellom inntak og utløp) er 0,127 m³/s.

På årsbasis vil ca. 56 % av vassmengda kunne nyttast til kraftproduksjon, mens ca. 44 % vert sleppt forbi inntaket på grunn av flomtap, lågvasstap og slepp av minstevassføring. Middel restvassføring rett nedanfor inntaket sommartid vil være 0,083 m³/s, og vinterstid om lag 0,075 m³/s. Middel restvassføring ovanfor stasjonen, medrekna tilsiget frå restfeltet vil være 0,21 m³/s.

Tabell 3.1.1. Antall dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring i utvalde år.

	Tørt år 2010	Middels år 2002	Vått år 2005
Antall dagar med vassføring > maksimal slukeevne	57	64	80
Antall dagar med vassføring < planlagt minstevassføring + minste slukeevne	173	152	60

Varigheitskurver for feltet ved inntak synes i vedlegg 3.

For å syne endringar i vassføringsforholda i Heggeelva er der vald ut to referansestader i elva; like nedstrøms inntaket og like oppstrøms kraftstasjonen. I vedlegg 3.2. er vassføringsforholda ved de nemnte referansestader før og etter utbygging vist.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Vasstemperaturen i Heggeelva forventast ikkje å bli merkbar endra verken i sommar eller vinterperioden. Vasstemperaturen på vatn som kjem ut av kraftstasjonen vil ikkje vere så varmt som før utbygging på grunn av redusert oppvarming ved fall gjennom sjakt eller rørgate i fjellet. Luft eller soloppvarming vil ikkje gje bidrag mellom inntaket og kraftstasjonen. Eventuelle endringar vil bli heilt marginale.

Vassføring ut i Valldøla vil bli akkurat som før, og utløpet vil vere på same plass.

Lokalmiljøet langs elva vil bli noko mindre fuktig i periodar som følgje av tiltaket. Dette gjelder i periodar med middels høge vassføringar. Ved lave vassføringar og i flaumperiodar vil der enten vere slepp av minstevassføring, eller gå overløp over Coanda-inntaket. Tiltaket vil såleis ikkje ha særleg merkbar verknad på lokalmiljøet. Lokalmiljøet i Valldøla vil ikkje bli endra.

Konsekvensen for vass temperatur, isforhold og lokalmiljø vil bli ubetydelige.

3.3 Grunnvatn

Der er ikkje påvist/kartlagt grunnvassressursar innanfor tiltaksområdet, i henhold til nasjonal grunnvassdatabase GRANADA. Det planlagde tiltaket vil truleg ikkje påverke eventuelle grunnvassførekomstar i området.

Konsekvensen for grunnvatn vil bli ubetydelige.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Vassdraget er raskt strømmende i prosjektområdet. Grunnen rundt elveløpet består av relativ næringsfattig berggrunn og lausmasse frå ei endemorene. Der er ingen vesentleg erosjon på den rørte strekninga, og erosjon vil ikkje bli påverka av tiltaket. Med ei slukeevne på 200 % av middel vassføring (0,82 m³/s) vil tiltaket berre ha liten innverknad på størrelsen av store flommar. Store flommar er berekna til å være i storleiken 5-7 m³/s.

Konsekvensen for ras, flaum og erosjon vil bli små negative.

3.5 Raudlisteartar

Holtan 2013

Der er ikkje registrert raudlisteartar i Artsdatabanken i umiddelbar nærleik til Heggeelva. Der er ikkje funne interessante artar eller naturtypemiljø. Tidspunktet var gunstig for karplantefloraen, og greitt også for lav og mose. Når det gjelder marklevende soppar var tidspunktet ikkje egna. Det spelar truleg ingen rolle i denne samanhengen, da innmarka og de boreale skogsmiljøa som ble undersøkte neppe har potensial for funn av spesielt sjeldne eller raudlista artar.

Rådgivende Biologer AS 2016

Rådgivende Biologer AS hadde følgende verdivurdering av rødlistearter:

«Ingen rødlistede karplanter, moser, lav eller sopp var fra før registrert i influensområdet. Holtan (2013) vurderte etter sin undersøkelse at det var lite potensiale for funn av slike. På befaringen den 21. august ble det registrert noen få store almetrær i en bratt li på østsiden av elva. Alm har status sårbar (VU) i siste versjon av Norsk rødliste for arter (Henriksen og Hilmo 2015). To av disse ble koordinatfestet og er vist på kart i figur 2. I likhet med Holtan (2013) vurderes potensialet for ytterligere funn av rødlistearter som begrenset.

☐ En rødlisteart i kategori VU tilsier middels verdi for rødlistearter.»

Planlagt rørgate kan medføre hogst av enkelte almetrær, men trolig ikke alle som finnes i det aktuelle området på østsiden av elva. Virkningen av dette vurderes som middels negativ.

☐ Middels verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--) for rødlistearter.

Det visast til dei to miljørapportane for utdjujing av fagtemaet.

3.6 Terrestrisk miljø / biologisk mangfold

